



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassefng	
17. 09. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2013/107931-012

Dykkar referanse:  
14/1856

Vår dato:  
15.09.2014

### Offentleg ettersyn av reguleringsplan Bruvoll camping - gnr. 55 bnr. 1 og 35 m. fl. - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar oversending av 12.09.14 med framlegg til reguleringsplan for gnr. 55, bnr. 1 og 35 m. fl. Bruvoll camping i Lindås kommune.

Planområdet er på om lag 60,6 daa og er i dag ikkje regulert. Camping plassen var i utgangspunktet attåttnæring på gardsbruket Bruvoll og har eksistert sidan 1980. Som attåttnæring har ein operert nokså fritt utan formelle løyver for dei ulike byggetiltaka. I samband med vidare tilrettelegging og opprusting av campingplassen er det no utarbeidd reguleringsplan for som også fangar opp tidlegare avvik i forhold til kommuneplanen då det ikkje er heilt samsvar mellom kommuneplanen og dagens bruk.

Statens vegvesen har tidlegare gjeve innspel om at det må regulerast ei byggegrense på 30 meter mot fylkesveg 57. Dette er no innarbeid i planframlegget. Det er innarbeidd rekkjefølgjekrav om bygging av støyskjerm langs fylkesveg 57 før det kan gjevast bruksløyve hytter som kjem innanfor støysona C03 (§ 2.3.2). Vi føreset at fortau til busslommer langs fylkesveg 57 (o-FT01 og o-FT02) vert opparbeidd slik dei er vist i reguleringsplanen. Parkeringsplassen o-PP01 har fått ei litt uheldig utforming mot fortau o-FT01 og krysset med fylkesveg 57. Den nordlegaste delen av parkeringsplassen bør trekkast lenger bort frå kryssområdet.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*  
Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52